

		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga	Kontroll ved Festingdalen avfallsplass	RAPPORT

Verksemda si adresse:	P.b. 467 6853 Sogndal	Arkivkode:	
Lovverk:	Sjå kap. 2 Dokumentgrunnlag	Tidsrom for kontrollen:	26.9.2005
Kontrollør:	Gøsta Hagenlund	Kontaktperson i verksemda:	Srishankar Subramanian
Deltaking frå verksemda:	Srishankar Subramanian		

Innhald i rapporten:

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Andre tilhøve som vedkjem aktuelle kontrolltema er og omtalt.

Hovudkonklusjon:

Deponiet vert godt drive som eit restavfallsdeponi. Det er gjennomført større tiltak for å førebu anlegget på drift etter 2009. Anlegget har framleis mykje fokus på handtering av restavfall, og lite på verdiskaping av mogleg fråsorтерbart avfall. Det er gitt avvik i høve handtering av farleg avfall. Det er gitt 3 merknader som gjeld ymse dokumentasjon, tilhøva til mottak av avfall og tilpassing til vedteke, nytt avfallsregelverk.

Utarbeidd dato: 22.11.2005

For Fylkesmannen Gøsta Hagenlund
kontrollør

Innhald

	Side
1. Innleiing	2
2. Dokumentgrunnlag	3
3. Avvik	3
4. Merknader	3

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Festingdalen avfallsplass den 26.9.2005.

Kontrollen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon som Statens forurensningstilsyn og Fylkesmennene gjennomfører hausten 2005. Målet med aksjonen er å kontrollere at avfallsdeponia blir drivne forsvarleg og i samsvar med utsleppsløyve og gjeldande forskrifter. Det vart særleg sett på om deponia har ein god kontroll med det avfallet som blir teke i mot/deponert. Dette m.a. for å unngå at ulovleg avfall hamnar på deponia.

Kontrollen vart gjennomført ved samtalar med ansvarleg for mottak av avfall i SIMAS, innsyn i avfallsregistrering og ved inspeksjon ved avfallsplassen.

Kort omtale av Festingdalen avfallsplass og avfallshandteringa.

Gjeldande utsleppsløyve for plassen er datert 30.10.97, og er ei oppdatering/ending i høve tidlegare løyve. I tillegg gjeld eit løyve om farleg avfall frå 25.8.98, som delvis er erstatta av nye endringar i Avfallsforskrifta, kap. 11 om farleg avfall.

På avfallsplassen sitt område er det i dag:

- Mottak og mellomlager for farleg avfall / EE-avfall
- Containerar for sortering av avfall frå private og næringslivet
- Containerar for restavfall
- Sorterings- og mellomlagerplass i plasthall
- Deponiområde

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)

MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen:

- ”Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)”
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 3, 4, 5 og 11
- Utsleppsløyve datert 30.10.97 og 25.8.98 (som delvis er erstatta av nye endringar i Avfallsforskrifta, kap. 11 om farleg avfall
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Diverse korrespondanse mellom SIMAS og Fylkesmannen

3. Avvik

Følgjande tilhøve gav grunn til avvik under kontrollen:

Avvik 1: Mottaks- og mellomlagerplassen for farleg avfall har fleire manglar

Avvik frå: Avfallsforskrifta, kap. 11 om farleg avfall, § 11-5 og 11-8

Kommentar: Mottaks- og mellomlagerplassen for farleg avfall og andre fråsorterte avfallsfraksjonar gav inntrykk av å vere rotete, merking var fleire stader utilstrekkeleg. Det var døme på lagring av farleg avfall og anna avfall same stad. Sikring mot søl og ytre påverknader (m.a. påkjørsel) var utilstrekkeleg. Malingspann vart funne overkjørt med tilgrisa køyrebane. Vannsøl (eller anna væske) påvist på golv. Lagringstid på maks 6 månader kunne ikkje dokumenterast (jf. standard vilkår 7.4 i vedlegg 2 til kap 11 i Avfallsforskrifta).

Mottaket gav klart inntrykk av å vore drive med for lite mannskap og med utilstrekkeleg kompetanse.

4. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Kontrollen med motteke avfall kan verte betre

Kommentar: Motteke avfall gjennomgår ein visuell eller muntleg kontroll med grunnlag i oppgitt last og kjennskap til kundar. Gjenvinnbart avfall kan verte frakta til deponiområdet. Nokre tilfelle av avfall som er teke ut frå deponiet gav klart inntrykk av ein fungerande stadskontroll ved deponiet.

På høvesvis kort sikt må det opp eit absolutt skilje mellom deponi av restavfall og levering av fråsortert avfall eller restavfall til avfallsplassen. Berre bilar med eit sikkert innhald av lovleg deponerbart restavfall (m.a. restavfall frå hushaldning og restavfall frå privat gjenvinningsverksemd) skal kunne ha tilgang til deponiet til vanleg. Alle andre leveringar må handterast før lovleg restavfall kan deponerast.

Merknad 2: Årleg gjennomgang og oppdatering av internkontrolldokumentasjon manglar

Kommentar: SIMAS har så langt ein kunne sjå arbeidd godt med å dokumentere ein risikobasert internkontroll. Dokumentasjonen dekker også ytre miljø, men det var ikkje tid til gå gjennom den enkelte dokumentasjonen. Delar av grunnlaget er over eit år gammalt, og skal vere gjenstand for eigen, åreleg revisjon, jf. Internkontrollforskrifta § 5 nr. 8. Den systematiske gjennomgangen og overvakinga internkontrollen skal dokumenterast skriftleg.

Merknad 3: Deponieigar må redusere mengd gjenvinnbart og energiutnyttbart avfall som vert deponert

Kommentar: Ein saknar klårare omtale av og målsettingar om fråsortering av avfall som kan materialgjenvinnast eller energiutnyttast. Det er no truleg kort tid att før organisk avfall (truleg unnateke plast) vert forbode deponert. Avfallsselskapet bør vurdere korleis slikt avfall om kort tid må handsamast, jf. oppfølging av vedteke nasjonal og europeisk avfallspolitikk.